



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF  
Postboks 1253 Torgarden  
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/52-56

6. januar 2025

## **Statsbudsjett 2025 - Orienteringsbrev til Siva om midlar til administrasjon og gjennomføring av regionale oppdrag**

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) vil med dette brevet orientere om utbetaling av midlar til administrasjon og gjennomføring av fylkeskommunale oppdrag over kap. 553, post 61 *Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling*.

Fylkeskommunane har oppdragsgjevaransvaret for mobiliserande og kvalifiserande næringspolitiske verkemiddel forvalta av Innovasjon Noreg og Siva. Målet med verkemidla er å medverke til å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Innovasjon Noreg og Siva skal forvalte midlane i tråd med gjeldande programplanar.

Departementet tildeler i 2025 fylkeskommunane til saman 816,2 mill. kroner over kap. 553, post 61. Løyvinga inkluderer midlar til administrasjon og gjennomføring for den forvaltninga Innovasjon Noreg og Siva gjer av ordningane.

For Siva vil departementet overføre dei samla midlane til administrasjon og gjennomføring direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. For 2025 utgjer dette 19,2 mill. kroner. Beløpet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane, Siva og departementet. Vederlag for særskilde oppdrag i enkeltfylke(r) knytt til programma som forprosjekt, pilotprosjekt eller liknande, må Siva avklare med den einsskilde fylkeskommune.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunen om dette. Eventuell overstigande ressursbruk

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kdd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Regionalpolitisk  
avdeling

Saksbehandlar  
Benedikte Gyribye  
Olafsen  
22 24 70 58

til føremålet, skal Siva avklare med fylkeskommunen, og ekstra midlar kan leggjast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukte midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, blir dette overført til neste års oppdrag.

Siva skal i årsrapporten rapportere årleg på dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadene, og kva tildelte midlar til administrasjon og gjennomføring er brukt til.

Departementet vil utbetale midlane til Siva på vegner av fylkeskommunane i to omgangar, i januar og i august.

Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Departementet vil delta i dei nasjonale styringsmøta som fylkeskommunane som kollegium vil ha med Siva, og kan også, ved behov, delta i regionale styringsmøte mellom enkeltfylke og Siva.

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2025. Rapporteringsskalender for 2025 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Med helsing

Kristin Marie Felde (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Benedikte Gyribye Olafsen  
rådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Vedlegg 1: Retningslinjer for kap. 553, post 61 over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett

Kopi

Agder fylkeskommune  
Akershus fylkeskommune  
Buskerud fylkeskommune  
Finnmark fylkeskommune  
Innlandet fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Nordland fylkeskommune  
Nærings- og fiskeridepartementet  
Oslo kommune  
Riksrevisjonen  
Rogaland fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Trøndelag fylkeskommune  
Vestfold fylkeskommune  
Vestland fylkeskommune  
Østfold fylkeskommune